**AVGJERD I EØS-KOMITEEN**
**nr. 17/2006**

**av 27. januar 2006**

**om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommane**

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla "avtala", særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

1) Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 129/2005 av 30. september 2005([1]).

2) Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsvedtak 854/2005/EF av 11. mai 2005 om skiping av eit fleirårig fellesskapsprogram om fremjing av sikrare bruk av Internett og ny direktekopla teknologi([2]).

3) Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2006 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

I protokoll 31 artikkel 2 nr. 5 i avtala skal nytt strekpunkt lyde:

"– **32005 D 0854**: Europaparlaments- og rådsvedtak 854/2005/EF av 11. mai 2005 om skiping av eit fleirårig fellesskapsprogram om fremjing av sikrare bruk av Internett og ny direktekopla teknologi (EUT L 149 av 11.6.2005, s. 1)."

---

([1]) TEU L 339 av 22.12.2005, s. 55, og EØS-tillegget til TEU nr. 66 av 22.12.2005, s. 33.
([2]) TEU L 149 av 11.6.2005, s. 1.

*Artikkel 2*

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala([*]).

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2006.

*Artikkel 3*

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, 27. januar 2006.

For EØS-komiteen

***R. Wright***

Formann

([*]) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.